

# **RAPPORT**

## frå skulevurdering

# Hafstad vidaregåande skule



Hausten 2016

## **Ekster skulevurdering**

- **verktøy for kvalitetsutvikling av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane**

Fylkesdirektøren for opplæring har med heimel i opplæringslova §2-1 og § 2-2 sett i gang eit pedagogisk utviklingarbeid med skulevurdering. Målet er å nytte eit refleksjons- og prosessverktøy for å vurdere i kva grad skulane når måla dei har sett seg, og som er sett i læreplanverket for Kunnskapsløftet.

Skuleutvikling har som mål å forbetre læring og læringsmiljø. For å få til endring er det viktig at heile skulen dreg i same retning, og at undervisningspraksisen vert endra på ein slik måte at det gir varige resultat. Om berre ein av skulen sine eldsjeler endrar praksis, vil ikkje skulen sin virkemåte endre seg.

### **Skulevurdering som metode for dokumentasjon, skuleutvikling og rettleiing.**

Skulevurdering er ein godt utvikla metode som gir gode og varige resultat for elevane si læring. Det er ein føresetnad at heile skulen vert trekt med i utviklingsarbeidet, og at elevar, lærarar og leiing er involverte i alle delane av prosessen.

Tom Tiller har m.a. sagt:

*"Skolevurdering handler om å få øye på hverdagen og betrakte forholdet mellom hverdag og idealer. Det handler om å forstå det vi ser...."*

Resultatet er dokumentasjon av verksemda. Dokumentasjonen gjev grunnlag for planlegging og problemløysing, og kan nyttast som eit ledd i organisasjonsutvikling av skulen.

Skulebasert vurdering er eit krevjande arbeid som krev kompetanse, energi- og tidsbruk frå alle involverte partar. Vurderinga gjev inga utvikling i seg sjølv, men skal bidra til å bringe skulen vidare i sitt utviklingsarbeid. For å endre praksis må forankringa av prosess, opplegg og mål sikrast. Dette betyr at dei som planlegg arbeidet i stor grad bør vere dei som gjennomfører og vurderer konsekvensen av arbeidet på skulen og i klasserommet.

Rapporten frå vurderingsveka freistar å spegle funna frå den eksterne skulevurderinga ved skulen opp mot Hafstad vidaregåande skule sitt framtidsbilete. I etterkant av vurderinga vert skulen følgd opp med rettleiing og tiltak. Fylkesdirektøren for opplæring vil arbeide tett i lag med skulen slik at Hafstad vidaregåande skule skal nå måla dei har sett seg. Arbeidet skal følgjast opp av fylkesdirektøren og leiinga ved Hafstad vidaregåande skule skuleåret 2017-2018.

### **Rapporten**

På bakgrunn av intervju med elevar og lærarar og observasjon på skulen har skulevurderarane skrive ein rapport om resultatet frå vurderinga. Rapporten kjem med

framlegg om skulen sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Rapporten gjev også informasjon om rammene for vurderinga; tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilet av skulen, men er eit bidrag til kva ein kan arbeida vidare med på skulen.

### **Fakta om skulen og val av vurderingstema**

Skulen har tre røter. Den private middelskulen som vart oppretta av framsynte folk i 1917, Handelsskulen som næringssamskipnaden tok initiativet til i 1965 og Heimyrkesskulen i Jølster som Kristian Eikås grunnla i 1945.

I 1970 vart Førde interkommunale realskule og gymnas oppretta. Realskulen vart nedlagd i 1974, men det nyoppretta gymnaset levde vidare. I 1993 vart Handelsskulen og Gymnaset slegne saman til Hafstad vidaregåande skule, lokalisert på to stader, i Elvegården og på Sanderplassen. Først i august 1999 kunne dei flytte saman i moderne og praktiske lokale, lokalisert på Hafstad, på tomta der den gamle yrkesskulen låg.

Heimyrkesskulen vart til Jølster vidaregåande skule då fylkeskommunen tok over drifta i 1970. I 1992 vart skulen slått saman med Mo Jordbrukskule og vart avdeling Jølster i Mo og Jølster vidaregåande skule. I samanslåningsprosessen mellom Mo og Jølster vidaregåande skule og Øyrane vidaregåande skule, vart avdeling Jølster lagt ned. Som ei følgje av dette vart utdanningsområda medium og kommunikasjon og studiespesialiserande med formgjevingsfag flytta til Hafstad vidaregåande skule hausten 2014.

Hafstad er såleis ein skule forma av ulike kulturar. Skulen leiger i dag areal i Førdehuset for å ha nok undervisningslokaliteter til kunst, design og arkitektur. Hafstad vidaregåande skule vart ein rein studiespesialiserande skule etter at medium og kommunikasjon blei gjort om til eit studiespesialiserande utdanningstilbod. Fleirtalet av elevane er frå Førde og dei nære kommunane omkring, noko som gjer at skulen har få hybelbuarar.

På Hafstad er vi opptekne av at alle skal oppleve eit godt læringsmiljø, der både elevar og tilsette får utvikle seg. Vår felles visjon er din kunnskap – vår framtid. Eit godt læringsmiljø der den enkelte opplever utvikling er basert på gode relasjonar. Relasjonsbygging med vekt på motivasjon, profesjonskompetanse og samarbeid er temaet vi i fellesskap ynskte å bli vurderte på.

Inneverande skuleår har vi om lag 75 tilsette. Elevane er fordelt i grupper slik det går fram av oversikta under. Per i dag er det 465 elevar som får si opplæring på Hafstad vidaregåande skule.

Nivå	Programområde	Tal grupper	Elevplassar
Vg1	Kunst, design og arkitektur	1	30
Vg1	Medium og kommunikasjon	1	30
Vg1	Studiespesialisering	4	120
Vg2	Formgjevingsfag	1	30
Vg2	Studiespesialisering	4	120
Vg2	Medium og kommunikasjon	1	15
Vg3	Formgjevingsfag	1	30
Vg3	Studiespesialisering	4	120
Vg3	Påbygging til generell studiekompetanse	1	30
		18	525

## Plan for prosess, organisering og gjennomføring av vurderinga

Trinn 1: Planlegging			
Nøkkelpunkt		Ansvar	Utført
<b>Møte mellom leiing og (hovud)vurderarar :</b> <b>Planlegge prosessen.</b>	Setje opp tidsplan så langt som råd for t.d. -informasjon til personalet -drøftingsmøte med tillitsvalde og elevråd -når personalet kan jobbe med å finne utviklingsområde og formulere kjenneteikn på god praksis. ( Gjerne ein planleggingsdag )	Leiing/ vurderarar	23.06.16
<b>Informere personalet</b>		Leiing	25.08.16
Trinn 2: Velje område			
<b>Resultat frå elevundersøking</b>	-vil kunne peike på aktuelle område	Leiing	(november 2015)
<b>Gjennomføre ståstadsanalyse</b>	-skal informere om aktuelle område	Leiing	01.09.16
<b>Drøftingsmøte:</b> <b>Gå gjennom elevundersøkinga og ståstadsanalsysen med elevrepresentantar og tillitsvalde.</b>	-samanlikne undersøkingane for å finne samanfallande område -gruppa blir einig om kva område som er aktuelle å ha særleg merksemd på i vurderinga. Her bør ein ikkje kome ut med fleire enn 3-4 område.	Leiing/ vurderarar	08.09.16
<b>Kome med forslag til kva område skulen kan utvikle seg innanfor.</b>			
<b>Personalet vel eitt av områda.</b>	-personalet drøfter kva som fungerer bra og kva som kan verte betre innanfor dei føreslattede områda. På bakgrunn av denne drøftinga vel lærarane område.	Leiing/ vurderarar	
<b>Informasjon til elevar om kva område som er valt.</b>	Tillitsvalde informerer elevar	Tillitsvalde/ leiing	
Trinn 3: Lage framtidsbilete			
Kan med fordel delast i to arbeidsøkter. Til dømes slik:			
<b>Å utarbeide kvalitetsmål</b> <b>Skjema til bruk i gruppearbeida er laga.</b>	<u>Dette arbeidet bør gjerast umiddelbart etter valt område!</u> <u>A)</u> 1) I grupper: (60 min.): Lage minst 4 kvalitetsmål ein ynskjer å ha særleg merksemd på innanfor valde område. (NB! Her bør personalet ha ein modell som viser innhaldet i eit framtidsbilete.) Leverer inn skjema, leiing/vurderarar går gjennom. 2) Kvalitetsmåla blir presenterte og diskuterte i plenum. Dei ferdigstilte kvalitetsmåla er utgangspunktet for neste gruppearbeid.	Leiing/ vurderarar	06.10
<b>Teikn på god praksis til valt område</b>	B) Gruppa utarbeider minst 3 teikn på god praksis til kvart kvalitetsmål, og leverer skjema til leiinga/vurderarane	Leiing/ vurderarar	20.10

<b>Framtidsbiletet blir lagt fram for personalet.</b>  <b>Minst 10-14 dagar før vurderingsveka.</b>	Med arbeidet i kollegiet som utgangspunkt utarbeider vurderarane eit forslag til framtidsbilete. Dette blir lagt ut på pedagogisk plattform, eller sendt per e-post til gjennomsyn og eventuell tilbakemelding.  Det endelige framtidsbilete bestemmer omfang og val av informasjonsmateriale; verksemplan, intervju, observasjon, diverse planverk osv.	Leiing/vurderarar	25.10
<b>Trinn 4: Innhente informasjon</b>			
<b>Organisering/tilrettelegging av vurderingsveka</b>	Vurderarar lagar ei skisse over tidsbruk og tal observasjonar/intervju, og sender ho til leiinga som fyller inn personar/grupper.	Vurderarar/leiing	Veke 43
<b>Vurderingsveka (eigen plan)</b>	Gjennomfører observasjon og intervju med elevar, lærarar og leiing.	Vurderarar	(vedlegg)
<b>Trinn 5: Strukturere informasjonen</b>			
<b>Dokumentere</b>	Vurderarane noterer frå observasjonane og intervjuja.	Vurderarar	Veke 46
<b>Trinn 6: Tilbakemelding</b>			
<b>Rapport:</b> <b>Skal leggast fram som slutten på vurderingsveka.</b>	I rapporten blir all informasjon samanfatta, samanlikna og spegla opp mot framtidsbiletet. Rapporten vil til slutt seie noko om kva som er skulen sine sterke sider, og kva det kan vere hensiktsmessig å jobbe meir med i fortsetjinga.	Vurderarar	24.11.2016
<b>Trinn 7: Oppfølging</b>			
<b>Møte mellom leiing og vurderarar</b>	Set opp forslag til kva, korleis og når oppfølgingsarbeidet skal gjennomførast.	Leiing	

## Vurderingsteori



Figur Udir.

## Val av område for vurdering

I skulevurdering har fylkesdirektøren valt å nytte Utdanningsdirektoratet sine verktøy til å identifisere område for vurdering. Etter gjennomgang av resultata frå Ståstadanalysen og Elevundersøkinga, kom skulen fram til temaet **relasjonsbygging med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid**.

Temaet relasjonsbygging har ei vid målsetjing. Relasjonsbygginga skal nyttast som eit verktøy i å styrke motivasjon gjennom profesjonsutvikling og samarbeid.

Gode relasjoner mellom vaksne og elevar og mellom elevane, er nøkkelen for å utvikle gode læringsmiljø og gode læringskulturar. Det fremjar tilhøyrsla og tryggleik og legg

grunnlaget for eit trygt og inkluderande miljø. Vennskap gjer elevane mindre sårbare og er viktig i et godt læringsmiljø.

Å arbeide med fag i eit godt læringsmiljø medverkar til at elevane utviklar seg sosialt og emosjonelt. Sosiale ferdigheter kan utviklast gjennom arbeidsform som er prega av kommunikasjon og samarbeid. Elevane lærer og erfarer haldning, åtferd og relasjonelle ferdigheter i samspel med andre.

Bruk av varierte arbeidsmetodar er viktig for å, motivere, skape interesse og engasjement, kreativitet og læringsglede for alle.

Lærarane og skuleleiarane er dei sentrale aktørane i profesjons- og verdifellesskapet på skulen, og dei er avgjerande for elevane sitt læringsutbytte og for læringsmiljøet.

Skulekultur og skuleleiing er svært viktig for korleis relasjonane utviklar seg, og her er rektor si rolle heilt sentral. I eit læringsmiljø der rektor er støttande og involvert i skulekvardagen, samt genuint interessert i å fremje profesjonalitet og fagleg utvikling, vil ein finne gode og positive lærar-elev og kollega relasjonar.

Det fins ikkje fasit på korleis ein skapar gode relasjonar, men eit godt utgangspunkt er at dei vaksne reflekterer over korleis dei sjølv møter elevar, foreldre og kollegaar i skulekvardagen.

Kjelde:

[Federici og Skaalvik 2013](#)

## Framtidsbilete til Hafstad vidaregåande skule

<b>Relasjonsbygging – med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid</b>	
KVALITETSMÅL	
<b>ELEVANE opplever skulekvardagen trygg og støttande både psykososialt og fagleg</b>	<p>Alle elevane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• har minst ein ven dei kjenner seg trygge på</li> <li>• blir sett av læraren</li> <li>• opplever positive forventningar i eit læringsmiljø som er opent, variert og rettleiande</li> <li>• viser fagleg mot, sosial tryggleik og kan samarbeide med alle</li> <li>• opplever både meistring og fagleg utfordringar</li> </ul>
<b>LÆRARANE fremjar motivasjon gjennom fagleg samarbeid og gjennom å bygge gode relasjonar</b>	<p>Lærarane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• viser at dei bryr seg om kvar einskild elev</li> <li>• har positive forventingar til eleven og støttar han til framgang</li> <li>• arbeider <i>aktivt for/syter for/legg vekt på</i> elevmedverknad i undervisninga</li> <li>• er fagleg dyktige og engasjerte i eleven si læring</li> <li>• deler undervisningsopplegg, samarbeider på tvers av fag og støttar kvarandre</li> </ul>
<b>FORELDRA er ein positiv ressurs i skulearbeidet</b>	<p>Foreldra</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• møter på foreldremøter og konferansetimar</li> <li>• kjenner skulen sine informasjonskanalar</li> <li>• har låg terskel for å ta kontakt med skulen</li> <li>• opplever at skulen har gode rutinar for varsling</li> <li>• kjenner skulen sine forventningar til seg som omdømebyggjarar</li> </ul>
<b>LEIINGA utøver ei strukturell støtte som fremjar relasjonsbygging og kompetanseheving</b>	<p>Leiinga</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• er synleg for alle</li> <li>• har struktur på pedagogisk refleksjon og kompetansedeling/heving</li> <li>• er aktive i det pedagogiske arbeidet og medverkar til gjensidig forståing</li> <li>• arbeider aktivt med elevdemokratiet</li> <li>• gjennomfører utviklingssamtalar</li> </ul>

### Metodeval

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, blir kvalitetsmåla og teikn på god praksis samanlikna med informasjon som er samla om temaet på skulen.

For å styrka kvaliteten på dataa, har vurderarane henta informasjon frå fleire ulike kjelder og nytta ulike metodar for datainnsamling. Vurderarane har freista å spegle funna opp mot skulen sitt framtidsbilete.

### **Fakta om datainnsamling**

- Det er gjennomført 16 individuelle samtalar med lærarar på 30 - 45 min.
- Det er gjennomført 15 gruppesamtalar med om lag 70 elevar
- Det var lagt til rette for 21 observasjonar av undervising med til saman 21 lærarar i samhandling med elevar.

Vurderarane har gjort avtale med rektor om kven i personalet som skal intervjuast. Når det gjeld elevintervju og observasjon har skulen plukka ut grupper.

Informasjonen er systematisert og resultata frå vurderinga vert i rapporten summert opp i tabellform. Tabellane er bygd opp slik at alle dimensjonane ved relasjonsarbeidet blir omtala. Etter tabellen kjem ei oppsummering som viser skulen sine sterke sider, og eit forslag til kva område skulen kan utvikle seg på.

	Elevsamtaalar	Lærarsamtaalar	Observasjon
<p><b>ELEVANE opplever skulekvardagen <u>trygg og støttande</u> både psykososialt og fagleg</b></p>	<p><b>Psykososialt</b></p> <p>Elevane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei trur alle har minst ein ven på skulen</li> <li>- ingen elevar er ekskludert, men ser av og til nokon som er åleine</li> <li>- dei har nokon vaksne dei kan snakke med i vanskelege situasjoner</li> <li>- Drømmeskolen har fungert godt</li> <li>- elevane er inkluderande</li> <li>- fleire elevar seier at det er «klikkete», men dei opplever ikkje klikkane som lukka og vanskelege å kome inn i</li> <li>- klikkane er danna på bakgrunn av kven ein går i klasse med eller interesse, og såleis vil dei flest vil finne ein klikk å høyre til</li> </ul> <p><b>Fagleg</b></p> <p>Elevane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- alle tørr å spørje om hjelp</li> <li>- elevane får hjelp om dei treng det</li> <li>- elevane er trygge, opne og hjelper kvarandre fagleg</li> <li>- elevane seier dei kan samarbeide med alle</li> <li>- mange elevar seier det er lite aktivitet, og at dei sjølv er stille i timane</li> <li>- mange timer kan bli like og alle får same oppgåvene</li> </ul>	<p><b>Psykososialt</b></p> <p>Lærarar seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei opplever at dei fleste har veneir både på skulen og i fritida</li> <li>- elevane inkluderer kvarandre</li> <li>- elevane har nokon å gå til i vanskelege situasjoner</li> <li>- Drømmeskolen har vore eit godt innslag, særleg for elever som kjem frå andre skular</li> <li>- elevane er trygge på kvarandre og kan samarbeide</li> <li>- det er ein høfleg og grei elevflokk</li> </ul> <p>Nokre lærarar seier at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei ser elevar som går åleine</li> </ul> <p><b>Fagleg</b></p> <p>Nokre lærarar seier at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- det er greitt både å vere flink og å ha utfordringar i faget</li> <li>- det tek litt lang tid før nokre elevar er trygge nok både sosialt og fagleg på vg1</li> </ul> <p>Nokre lærarar seier at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ikkje alle elevane hjelper kvarandre</li> <li>- nokre elevar er redd for å svare feil</li> <li>- i fagsamtale er elevane opne om fagleg sterke og svake sider</li> </ul>	<p>Observasjonane syner at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- elevane er høflege og imøtekommende</li> <li>- elevane var positive til å bli intervjua</li> </ul> <p>Observasjon og dokumentasjon syner ein god elev – elevrelasjon.</p>

	Elevsamtaalar	Lærarsamtaalar	Observasjon
<b>LÆRARANE fremjar motivasjon gjennom fagleg samarbeid og gjennom å bygge gode relasjoner</b>	<p><b>Psykososialt</b> Elevane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei vert sett av lærarane sine, og lærarane helsar</li> <li>- lærarane er blide</li> </ul> <p><b>Fagleg</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- mange lærarane er engasjerte i undervisninga</li> <li>- dei fleste lærarane er motiverte for faget sitt</li> <li>- lærarane er budd til timane</li> <li>- dei fleste lærarane kjem presist</li> <li>- engasjerte lærarar motiverer og gjer at dei yter meir fagleg</li> <li>- i enkelte fag er det få elevar som deltek når dei har munnleg aktivitet</li> </ul> <p>Nokre elevar seier:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- krava aukar monaleg på vg3 – skuleleie</li> <li>- det varierer frå lærar til lærar kor engasjerte dei er i undervisninga</li> <li>- det er mange prøvar, og nokre lærarar tilpassar prøveplanen til elevane behov</li> </ul>	<p><b>Psykososialt</b> Lærarane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- legg vekt på å sjå alle elevane t.d ved å vere «innom» dei i løpet av timen</li> <li>- dei legg vekt på å lære namna tidleg, men ikkje alle greier det</li> <li>- dei helser på elevane</li> </ul> <p><b>Fagleg</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei differensierer noko, men har dårlig samvit når det gjeld å tilpasse nok</li> <li>- tilpassar opplæringa på mengde og ikkje på fagleg djupne</li> <li>- det er utfordrande å legge til rette for alle når det er 30 elevar i klassen og variasjonen i nivå er stor</li> <li>- dei er engasjerte og motiverte for faget sitt og alltid budd til timane</li> <li>- opplever arbeidet sitt som meiningsfullt både sosialt og fagleg</li> </ul> <p>Nokre lærarar seier at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- det gir mening og motivasjon når læringsarbeidet hjelper eleven til framgang</li> <li>- dei nyttar eigenvurdering som del av prosessen i vurderingsarbeidet</li> <li>- dei kunne tenke seg ein betre arena for fagsamtalane</li> </ul>	<p>Observasjonane syner at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- samtlege lærarane var i klasserommet og budd til timane</li> <li>- det er få elevar som ikkje er presise til timane</li> <li>- elevane vert møtt på ein respektfull måte, men ikkje alle lærarar startar med å helse på elevane</li> <li>- elevane er på oppgåva i timane, og det er særskilt god arbeidsro</li> <li>- elevar som treng hjelp, får hjelp av lærar</li> <li>- lærarane går rundt og rettleiar</li> <li>- det er ein god lærar-elevrelasjon</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>- dei har litt å gå på når det gjeld forventning og tilbakemelding</li> </ul>	
<b>Relasjonen lærar – lærar</b>	<p>Lærarane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- nokre fagseksjonar arbeider godt og har fast møtestruktur</li> <li>- dei ynskjer meir tid til samarbeid, men det kan vere utfordrande å få det til</li> <li>- dei får hjelp og støtte hjå kvarandre i arbeidet om ein ynskjer det</li> </ul> <p>Nokre lærarar seier at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- det er lite samarbeid på tvers av fag</li> <li>- at det i stor grad er individuelt arbeid</li> <li>- dei i stor grad er privatpraktiserande</li> </ul>		

	Elevsamtalar	Lærarsamtalar
<b>FORELDRA er ein positiv ressurs i skulearbeidet</b>	<p>Elevane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- ikkje alle foreldre møter på foreldremøta.</li> <li>- ikkje alle har høve til å møte på foreldremøte og ynskjer referat</li> <li>- dei er bindeleddet mellom foreldre og skule</li> </ul> <p>Fleire av elevane sa at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei ikkje er med på utviklingsamtale/foreldresamtale</li> </ul>	<p>Lærarane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei tek kontakt med foreldre/føresette når det er trong for det</li> <li>- det er stor sprik frå foreldre til foreldre og frå vg1 til vg3</li> <li>- dei trur foreldreinteressa varierer</li> <li>- det er liten kontakt med heimen, og dei er usikre på kor mange som registerar seg på arena og følgjer med der</li> </ul> <p>Nokre lærarar seier at</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- foreldre framsnakkar skulen og at det er eit høgt læringsnivå på skulen</li> </ul>

	Elevsamtalar	Lærarsamtalar
<b>LEIINGA utøver ei strukturell støtte som fremjar relasjonsbygging og kompetanseheving</b>	<p>Elevane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kjenner lite til kven som er leiarar ved skulen, men dei veit kven rektor er</li> <li>- andre tilsette vert opplevd som flinke i rollene sine og lett å ta kontakt med</li> </ul>	<p>Mange av lærarane seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- dei ser dei har det travelt i leiinga</li> <li>- dei får støtte i leiinga, og at dei kan snakke med leiaren sin</li> <li>- dei er lojale mot avgjersler om desse ikkje er for detaljstyrande</li> <li>- dei ynskjer tid og struktur for det pedagogiske utviklingsarbeidet</li> <li>- utviklingssamtalen bør nyttast og settast i system</li> </ul> <p>Nokre lærarar seier at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- leiinga ikkje er synleg i stor nok grad</li> <li>- dei fysiske avstandane er for lange og lite føremålstenleg for kontakt</li> <li>- leiinga ikkje er spesielt aktive i det daglege læringsarbeidet</li> <li>- dei leiarane som har undervisning , kjenner kvardagen best</li> <li>- det er for mange plattformar og e-postar med informasjon</li> </ul>

På spørsmål til elevar og lærarar om kva dei ser på som er den største utfordringa i høve relasjonsbygging svarar:

### Elevane

- **Lærar – lærar:** lærarsamarbeid slik at prøvar vert mest mogleg like, og at undervisninga i same fag på same nivå samsvarar

### Lærarane

- **Lærar – leiing :** Leiinga er lojale oppover, men ikkje delaktive nedover. Fastare grep og må halde på det som vert sett i gong
- **Lærar – lærar:** ein har for liten tid til å jobbe med relasjonsbygging

På spørsmål til lærarar om korleis dei har opplevd prosessen omkring skulevurderinga svarar lærarane slik:

- skeptisk, det må følgjast opp. Usikker på om det vert nyttig
- hår i suppa
- tek av tida mi
- heilt greitt, ok prosess
- flott, positivt
- framsteg at nokon utanfrå kjem inn og ser oss

### **Til slutt:**

### **Sterke sider**

- elevane er høflege og imøtekommande
- elevane opplever at dei vert sett av lærarane
- elevane opplever at læringsmiljøet er trygt
- lærarane er motiverte i faget og opplever arbeidet sitt som meiningsfullt
- lærarane er alltid budd til timane

### **Forslag til utviklingsområde for skulen**

- i enda større grad tilpasse og variere undervisninga for elevane
- struktur for kompetansedeling og pedagogisk utvikling
- leiinga er synleg for alle
- utviklingssamtalen bør setjast i system og nyttast slik at kvar einskild lærar sett seg sine eigne utviklingsmål.

### **Etterarbeid.**

Ekstern skulevurdering er eit refleksjons- og prosessverktøy for å vurdere i kva grad skulane når måla som dei har sett seg.

Vurderinga gjev inga utvikling i seg sjølv, men kan medverke til å bringe skulen enda nærmere framtidsbiletet sitt. Resultatet og prosessen rundt vurderinga må evaluerast og følgjast opp med tiltak. Dette arbeidet vert følgt opp av fylkesdirektøren for opplæring og leiinga ved Hafstad vidaregåande skule, skuleåret 2017/2018.

**Vedlegg til rapporten:**

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tomme malar som er nytta i vurderinga